



Korleis kan
familien hjelpe?

Familieråd i samarbeid
med barnevernet

Fagpersonar som
informantar i familieråd



Bufetat

Familieråd er ein måte å arbeide på der familien og nettverket er med på å finne gode løysingar når familien og barn i familien har det vanskeleg. Målet med familieråd er å komme fram til ein plan som tek vare på barnet.

Korleis gjennomføre familieråd?

- Familien eller barnevernet kan ta initiativ til familieråd. Familien og barnevernet lagar i fellesskap spørsmål som familierådet skal diskutere og foreslå løysingar til.
- Kommunane brukar uavhengige koordinatorar til å hjelpe familiane med å førebu og gjennomføre familierådet.
Koordinatoren jobbar ikkje i barnevernet til dagleg. Han/ho har som oppgave å informere og besøkje familie/slekt, venner og andre viktige personar i nettverket som familien ønskjer skal ta del i familierådet.
- Familierådmøtet vert gjennomført. Det er eit viktig prinsipp at barnet sine interesser står i fokus. Barnet er vanlegvis tilstades på sjølv møtet. Møtet varar ca 3-6 timer og er delt inn i tre delar:

- 1.I første del er alle deltagarane på familierådet tilstades, også koordinator, eksterne fagpersonar og barnevern. Fagpersonane gir nødvendig informasjon om situasjonen til barnet. Informasjonen er gjennomgått med barnet og foreldra på førehand.
- 2.Andre del av møtet består kun av familien sitt nære nettverk. Familierådet skal diskutere og bli einige om ein skriftleg plan som betrar situasjonen til barnet. Koordinator og barnevernet kan kallast inn undervegs.
- 3.I tredje og siste del av møtet kjem koordinator og barnevernet inn til familien og tek stilling til planen.

- Gjennomføringen av planen vert vanlegvis evaluert med eitt eller fleire familieråd i etterkant.

Din rolle som fagperson i familierådet

Fagpersonar har opplysningsplikt til barnevernet ifølgje lov. Difor kan du som fagperson bli bedt om å vere med på første delen av familierådet på bakgrunn av din kjennskap til barnet/ ungdommen eller foreldra. Nokre døme på kva for fagpersonar som kan inviterast til eit familieråd er; tilsette i barnehage, skule, politi og sosialteneste. Av erfaring veit vi at informasjon frå fagfolk er viktig for at familien får laga ein best mogleg plan.

Det er viktig at informasjonen frå deg er forståeleg, konkret og kortfattat. Du vert utfordra til å ha eit «styrkefokus» sjølv om det også er viktig å sjå på problemfylte område. Familien får høve til å stille oppklarande spørsmål til innleget ditt. Den informasjonen du gir bør også finnast i skriftleg form, maksimum ei halv til ei heil side, slik at familien har dette når dei diskuterer aleine.

Innhaldet i presentasjonen skal være kjend for foreldra og barnet på førehand. Dersom du ikkje har høve til å gå gjennom dette med familien først, kan barnevernet hjelpe deg. Koordinator er møteleiar i familierådet og tek kontakt med deg før familierådet. Du kan lese meir om familieråd på www.bufetat.no/familieraad

Velkommen og lukke til som informant i familierådet!



FAMILIERÅD